

Spørsmål utan svar til vegvesenet

19.11.2013

Møyfrid Kristoffersen gjentek spørsmål ho har stilt til vegvesenet om vedlikehald av vegen i dalen og som ho førebels ikkje har fått svar på. Ho viser blant anna til at det er kommunen og kontraktøren sitt ansvar at instruksen vert fylgt. Møyfrid spør kva det står i kontrakten og kven det er som føl med på kva.

Ho held vidare fram at det ikkje er fullgodt at brøytstikkene framleis ikkje er kome opp og spør om kommunen framleis ventar på frosten.

Men dei viktigaste spørsmål som ho enno ikkje har fått svar på etter fleire forsøk er desse:

Kan kommunen inngå eit samarbeid med fylket frå neste vintersesong for metrene i enden av vegen?

Kva er prøvd hittil for å få til eit slikt samarbeid?

Av Ola Matti Mathisen